



## INVITASJON TIL MEDLEMSMØTE I SKK

### ONSDAG 12. NOVEMBER

**STAD:** Sunnfjord Folkehøgskule — **TID:** onsdag 12. november KL. 19.00

**Vegforklaring:** Møterom i loftsetasjen i det nordre (nord er mot skogen) huset som ligg mellom parkeringsplassen og fotballbana. Inngang mot parkeringsplassen. Viss du enno er usikker på kor dette er, ta kontakt med Maren (41501377) eller Rune (99205090).

Hausten er over oss, sjølv om temperaturen ute, i skrivande stund, er ganske så sommarleg. Vi har hatt styremøte og legg opp til ein haust-vinter-vår med meir aktivitet enn før. Vi har fått nauget ferdig. Litt aktivitet blir det der og det blir og aktivitet i symjehallen i Førdehuset. Nokre vil nok og halde koken på vatnet utover hausten og vinter.

Vonar du vil komme på dette haustmøtet. Veldig bra om vi kan oppsummere sommaren saman. Kanskje vi treng å endre på ting til neste sesong og kanskje ting kan forbetraast. Vi har organisert oss i ein padleklubb fordi vi ynskjer å padle. Når såpass få har funne det passande å vere med på klubben sine aktivitetar, så hadde det vore fint om vi kunne gjere ting annleis eller betre neste år slik at fleire får glede av å vere på sjøen.

Så har du vore med mykje eller lite, anten du har noko på hjarta eller ei om ting som kan bli betre, rydd deg litt tid neste onsdag så du kan bli med på møtet.

#### SAKLISTA ER SOM FYLGJER:

##### 1. Orienteringssaker frå leiaren

- Litt om stå i klubben, og orientering om den økonomiske situasjonen.
- Rabattavtalar med Sporten eller Din Sport (vonaleg avklaring av kven til møtet), Commit, Berge & Co og Puls Grytten
- Geir og Rune har vore på fellesmøte for Forun for Natur og Friluftsliv (FNF), og vil fortelle litt om erfaringane derifrå.

##### 2. Aktiviteten framover

- Trenings- og kurs i symjehallen?  
Vi kan få til noko på søndagskveldane. Styret legg opp til fast aktivitet i symjehallen ein gong i månaden.
- Rekruttering av nye padlarar gjennom tilbod av intro-kurs (gratis)
- Turar i vinter og for neste år.  
For å få til eit forutsigbart program, må vi prøve å konkretisere aktuelle turar. Her er det viktig å få innspill frå alle som har mening om dette. Kva er det behov for? Kva med vanskegrad/lengde på turane? Kor skal vi dra?
- Temakveldar.  
Vi har tankar om å ha klubbkveldar der vi tar opp ulike temaer. Det kan vere tekniske ting kring tur, reparasjon av kajakk osb. Det kan vere å fokusere på tryggleik ved å lære om sikkerheitsutstyr eller berre sjå videorar og diskutere teknikk og slikt. Eller kanskje berre samvær.



### 3. Skal SKK arrangere sommarleir for padlarar til sommaren?

Eg ynskjer å lufte ein tanke som har lege og godgjort seg ei tid. Vi får full støtte frå padleverbundet, og dei og andre stiller ein god del midlar til disposisjon.

Meir orientering på møtet, og så håpar eg vi kan få ein god diskusjon omkring temaet. Vi er sjølvsgaht avhengig av at fleire enn underteiknande tenner på ein slik idé.

### 4. Naustet

- Kva har skjedd og korleis er ståa.
- Kva no? Kva sker med naustet vidare? Kva ynskjer vi å bruke det til? Vi har nokre tankar om det og det er fint om idear elles kjem til overflata (dvs kjem opp på møtet).

### 5. Investeringsobjekt i 2004

Vi ser på kva vi har, kva vi ynskjer oss og kva vi har behov for. Det gjeld utstyr og innreiing til naustet, padleutstyr, kajakkar, våtdrakter, turutstyr, sikkerheits-/redningsutstyr etc.

### 6. Heimesida

Den er no rimeleg ferdig til bruk. Det betyr berre at no er layout'en rimeleg ferdig. Men det er no det gjeld å bruke den. Der blir viktig info-stoff til medlemmane, men og vonar eg det blir nok interesse for å fylle sida med smånyhende frå klubben, turstoff og anna dill og dall, og at du og andre opplever at det er fritt fram for alle å bruke den. Vi vil organisere ein web-redaksjon og den kan bistå med hjelp viss det er ynskjeleg.

Vi vil snakke litt om heimesida, så det er fint om du går inn og ser litt på kva som er der. Syns du det er ting som kan bli betre, er det noko du saknar, og kva er bra?

Sjå innom heimesida som altså har adresse: <http://n3sport.no/padling/skk> og gjer deg opp ei mening.

### 7. TV-aksjon for Redningsselskapet

Underteiknande har som representant for Sunnfjord Kajakklubb, meldt seg som områdeleiari i innsamlingsaksjonen for Redningsselskapet som går av stabelen 30. november. Dette er ein landsdekkande TV-aksjon i TV2. Vi blei spurde om å bli med og hjelpe, og som "sjøfolk" syns eg det var på sin plass at vi er med og gjer ein innsats. Eg vonar å få med meg kring 15 bøssebærarar til aksjonen, og eg vil ta kontakt med medlemmane for å få med meg folk. På møtet blir det høve for dei som vil, å melde seg til eit par timars innsats for redningsskøyteane, men det blir ikkje eit vervingsmøte.

### 8. Lysbildeframsyning

Opplegget er i skrivande stund ikkje heilt klart, men det blir i alle fall bilder frå padleturar vi har hatt. Kanskje du har nokre fine naturbilde (lysbilde/slides) å vise fram?

### 9. Tilkomne saker

Viss det er ting du ynskjer vi skal komme inn på, er det sjølsagt fritt fram å lufte det på møtet. Det blir eit møte med vekt på å ha ein triveleg klubbkveld. Vi har difor valt å vere i den nye stova dei har laga til på folkehøgskulen. Det blir litt godt å bite i ved sida av kaffi og te.

**VONAR DU KJEM !!!**

**Helsing vi i styret v/Rune**